

Retningslinjer for kommunal garanti for lån til idrettsformål og garanti for spelemidler. Vedtatt av Klepp kommunestyre i møte 24.03.2014

1. Generelt

a) Retningslinjene er heimla/gitt i medhald av

- Kommunelovens § 51
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier av 02.01.2001, endret ved forskrift 26.08.2008
- Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013

b) Iverksetting

- Retningslinjene for lånegaranti, jf. pkt. 2 og 3 gjeld frå 01.01.2014, men det kan etter søknad gis garanti for refinansiering av lån opptatt før nemnde dato.
- Retningslinjene for garanti for spelemidler, jf. pkt. 4, gjeld frå 01.01.2013

2. Garanti for lån til forskottering av spelemidler og kommunalt anleggstilskot

- Når vedtak om spelemidler og kommunalt tilskot føreligg kan Klepp kommune kan gje garanti for lån til forskottering av desse tilskota
- Maksimal garantiramme pr. anlegg settast til 15 mill.
- I einstilte tilfelle kan ein vurdera å auka beløpet for garanti.
- Minimum garantiramme pr. anlegg settast til 1 mill.kr
- Maksimal varighet på garantien er 5 år
- Garantien kan gis som selvskyldnarkausjon
- Alle garantivedtak skal godkjennast av fylkesmannen
- Kommunen sitt garantiansvar vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet, dvs. i takt med utbetaling av tilskot frå stat og kommune

3. Garanti for lån til finansiering av idrettslaget sin del av anleggskostnadane

- I tillegg til lånegaranti i h.t.avnsitt 2 framføre kan Klepp kommune gje garanti for lån til hel eller delvis finansiering av idrettslaget sin del av anleggskostnadane
- Maksimal garantiramme pr. anlegg settast til 5 mill.
- I einstilte tilfelle kan ein vurdera å auka beløpet for garanti.
- Minimum garantiramme pr. anlegg settast til 1 mill.
- Maksimal varighet på garantien er 20 år
- Garantien kan gis som selvskyldnarkausjon
- Som sikkerhet for garantien skal Klepp kommune ha 1. proritets pant i anlegget
- Alle garantivedtak skal godkjennast av fylkesmannen
- Kommunen sitt garantiansvar vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet

4. Garanti for spelemidler

Klepp kommune gir garanti for spelemidler i samsvar med føresegner av 2013:

- Garanti skal gis når samla tilskot frå staten er over 3 mill.
- Garantien gis som selvskyldnarkausjon
- Maksimal varighet på garantien er 20 år
- Garantien inneber at kommunen garanterer for at dei tildelte midlane blir tilbakebetalt til staten ved eventuelt misleghald av tilskotsbetingelsane
- Garantivedtak for spelemidler skal godkjennast av fylkesmannen

Kleppe, 25.03.2014